




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Solveig Kalvø Roald, 55572327

Uttale - Alver - 357/1 Sætre - framføring av veg med parkeringsplasser - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 26.07.2022 og 27.07.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for framføring av veg felles veg for ca.30 fritidseigedomar og ca.57 parkeringsplassar.



Området ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Meland kommune er definert som både LNF-føremål og fritidsbustadføremål. Tiltaket kjem i konflikt



med 50 meters byggjegrænse langs vassdraget. Tiltaket krev dispensasjon frå både planføremål LNF-område, frå plankrav i byggjeområde avsatt til fritidsbustad, og frå byggjegrænse mot vassdrag definert i §1.6.1 kommuneplanen for tidlegare Meland.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Dette er eit stort tiltak med fleire vegar med ein samla lengde på over 2 km og parkeringsplassar. Tiltaket går dels igjennom LNF-område i kommuneplanen og dels igjennom areal med formål fritidsbustader. Det aktuelle arealet har store verdiar. Deler av arealet er urørt, og tiltaket vil splitte opp samanhengande LNF-område. Arealet er også del av eit område som er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Vegen skal også krysse vassdrag og myr. Myr er karbonrike areal som ikkje bør omdisponerast. Det ser også ut til at vegen vil omdisponere noko dyrka mark. Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

Det er hubroreir som er i aktiv bruk i nærområdet til den foreslåtte vegen. Dette ligg mindre enn 1 km frå vegen. Vi anbefaler ikkje aktivitet som dette nærare enn 1 km frå hubroreir. I tillegg til at sjølve vegen kan vere problematisk, vil bygging av veg inn i området auke bruken av området og presset på reirplassen. Det er også registrert naturtype kystlynghei i området. Vegen kjem ikkje i direkte konflikt med denne, men tilførsel av veg med påfølgande auka bruk av området vil kunne komme i konflikt med ei eventuell drift av kystlyngheia.

Det er opplyst at det ikkje er tiltak i strandsona. Etter det vi kan sjå er det ikkje lagt inn ei byggegrense i kommuneplanen, og både veg 3 og 3.1 ser ut til å ligge i 100-metsbeltet. Vår vurdering er difor at deler av tiltaket også er i konflikt med byggeforbodet i strandsona.

Vi kan ikkje sjå at dette er eit tiltak som kommunen kan gje dispensasjon for. Det er for omfattande og rører ved for mange viktige tema. Tilkomstvegen vil etter vår vurdering i vesentleg grad tilsidesette omsyn bak LNF-formålet, plankravet i kommuneplanen, og viktig nasjonale interesser.

Statsforvaltaren rår sterkt ifrå dispensasjon i denne saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

